

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrke fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår følgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
  1. *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
    - 1.1. *Eit mangfold av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleveling og bruk.*
    - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
    - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
    - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtihørsle og identitet.*
9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdera om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar